

Ein sterk og rørende film om Gunnar Haugland.

15.02.2018



Gunnar Haugland frå Klammeren i Uskedalen går til filmen. Finn Bakke er filmskaparen. Bilete syner Gunnar på 80 årsdagen i 2017 i Helgheim, saman med systre sine.

**Finn Bakke har laga film om Gunnar Haugland, frå Klammeren på Haugland i Uskedalen, og som har budd på Rubbestadneset i mest heile sitt yrkesaktive liv. Filmen er på 13 minuttar og vi vert kjende med Gunnar i snikkarverkstaden, ute på tur med førarhunden sin og i heimen. Gunnar Haugland er blind, bur åleine i huset sitt og treng eigenleg lite hjelp til daglege gjeremål.**

Filmen talar for seg sjølv og er ei sterk forteljing om endringar og tilpassingar i livet. Finn Bakke er naboen og filmskaparen. Han har lagt på musikk av Kenneth Sivertsen frå Mosterhamn. Heimbygda Uskedalen og nettsida Uskedalen.no er omtala i filmen. Frå Uskedalen sender vi Gunnar ei helsing og ynskjer han til lukke med filmen. Det er modig gjort å stå fram slik Gunnar gjer her, rett fram og truverdig i si framstilling. Klick på linken under og sjå filmen. Dei som vil senda Gunnar ei helsing, kan gjera det på mobil: 90123208 eller e-post: [gunnar.haugland1@haugnett.no](mailto:gunnar.haugland1@haugnett.no)

[Link til film](#)

Tekst/foto: Kristian Bringedal  
Teknisk hjelp: Hans Ordin Østebø